



Arbeidstilsynet Vestlandet
Postboks 4720 Sluppen
7468 TRONDHEIM

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/10 - 17/121

Saksbehandlar:

Inger Marie Jordal

Inger.Marie.Jordal@lindas.kommune.no

Dato:

04.01.2017

Søknad til arbeidstilsynet om ombygging av kundetorg

Eksisterande kundetorg og resepsjonsområde på Rådhuset i Lindås kommune skal byggast om til et nytt og meir imøtekomande kundetorg. Det er ei innvendig ombygging. To stader vert berande konstruksjonar berørt, då vi skal fjerne to område med betong på 1 meters breidde og ca. 2 meters høgde. (Den eine utsparinga gjeld ei ny dør til handicap-toalett, medan den andre opninga gjeld betre sikt mot inngangspartiet for servicemedarbeidarar.) Tiltaket er difor søknadspliktig.

Presentasjon av tiltaket

Ombygginga skal sikre eit betre venteområde for kunder. Det skal leggst til rette for at servicemedarbeidarar kan bistå kunder med å finne naudsynte skjema og skriv på nettet samt bistå med utfylling av skjema. Vidare legg vi opp til eit kundemottak der kunder kan snakke med saksbehandlarar for veiledning på eit kundemottak. HC-toalettet vert flytta slik at det vert tilgjengeleg for alle. Resten av Rådhuset vert sperra med adgangskontroll. Området for servicemedarbeidarar, telefonsentral og postrom vert bygd om.

Medverknad

Tilsette og arbeidsgjevar har vore med i planlegginga. Servicemedarbeidarar som skal jobbe i resepsjonen, verneombod og tillitsperson samt einingsleiarar for dei ulike einingane på rådhuset har vore involvert. Assisterande rådmann har vore med i prosjektgruppa.

Tekniske føresetnader

Tiltaket vert utført i henhold til branntekniske krav. Vi er i dialog med brannteknisk firma vedrørende branncelleinndeling mm. Ombygging av toalettområdet vert oppgradert til rør-i-rør system. Ventilasjonen vert oppgradert. For øvrig vert prosjektet gjennomført i samsvar med godkjenning frå bygningsmyndigheita.

Med helsing

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Inger Marie Jordal
prosjektleder

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om arbeidstilsynets samtykke, blankett 5177

V2 - Plantegning kundetorg, 02.01.16

V3 - Opprinnelig plantegning 1. etg

V4 - Stadfesting av tilsette sin medverknad

Mottakarar:

Arbeidstilsynet Vestlandet

Postboks 4720
Sluppen

7468

TRONDHEIM